

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Jenny Følling (Sp) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2, fylkesrådmannen sitt punkt 2 vert punkt 3:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil peike på at FV 57 Storehaug-Dale har dårleg vegstandard. Behovet for breiddeutviding og møteplassar er langt større, og dette er noko ein må kome tilbake til.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Følling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtar at 62,9 mill.kr som er sett av til fv. 57 Dale - Storehaug i budsjett for 2020 og økonomiplanen for 2020-2023 skal nyttast på strekninga Strandanes - Nistadlia, mellom Gryvlevika og Nistadlia. Midlane skal gå til siktforbetring, breiddeutviding og innløyising av eit hus i samsvar med reguleringsplan utarbeidd av Fjaler kommune.
2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil peike på at FV 57 Storehaug-Dale har dårleg vegstandard. Behovet for breiddeutviding og møteplassar er langt større, og dette er noko ein må kome tilbake til.
3. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om at framtidig vegline på strekninga fv. 57 Båtevik - Storehaug, inkl. alternativ via Osen, blir avklart i samarbeid med Sunnfjord kommune.